

Reglement for databruk på skulane i Haram.

Det skal vere trygt og sikkert å bruke skulen sitt datautstyr. Gjennom bruk av dette utstyret får ein tildelt ein identitet som gjer det enklare for eleven å nå ressursar også utanfor skulen sitt nettverk. For at dette skal gå føre seg på ein trygg og sikker måte, treng vi ein forpliktande avtale i botn. Avtalen under må sjåast i samanheng med eit utdjupingsdokument. Det er i alt tre slike dokument, eitt forkvart av trinna småskule, mellomtrinn og ungdomsskule. Etter kvart som eleven blir større aukar pliktene og ansvaret for eigne handlingar i datanettverket, medan rettane er likt for alle trinna. På ungdomstrinnet pliktar eleven sjølv å lese reglementet, medan skulen på sin side pliktar å gå gjennom dette for elevane på alle trinn. Saman med foreldra ynskjer skulen å formidle gode haldningar til datatryggleik til beste for den enkelte og heile samfunnet.

1. Formålet med reglementet

- Målgruppa for reglementet er elevar i skulen.
- Reglementet avklarar akseptabel bruk av informasjons- og kommunikasjonsteknologi for målgruppa.
- Reglementet søkjer å hindra utilsikta og uønskte hendingar.
- Reglementet vil verne brukarar og tryggja den pedagogiske læringssituasjonen.
- Reglementet skal medverke til å avgrensa roller, rettar og plikter for elevar og kommunen.

2. Omfanget av reglementet

- Bruk av kommunen sitt IKT-utstyr som blir disponert ved skulane.
- Bruk av privat IKT-utstyr i samband med skulen og/eller via kommunen sitt nettverk.
- Bruk av programvare som kommunen har gjort tilgjengeleg.
- Publisering av innhald på nett og kommunikasjon ved bruk av privat eller kommunen sitt IKT-utstyr.
- Elevane sin IKT-bruk utanom skuletid er i utgangspunktet heimen sitt ansvarsområde. Men åtferd som har tydeleg tilknytning til skulen, kan likevel falla inn under skulen sitt ansvarsområde.

3. Elevane sine rettar

- Eleven har rett til opplæring i bruk av IKT for å kunna oppnå krava om IKT-ferdigheit i samsvar med Kunnskapsløftet.
- Eleven har rett på tilgang til velfungerande IKT-utstyr i undervisinga.
- Alle elevar har rett på lik tilgang til IKT-utstyr i samband med gjennomføring av digital eksamen og nasjonale prøver.
- Eleven har rett til å bli informert om innhaldet i IKT-reglementet ved skulen.
- Kommunen kan berre utlevere opplysningar om ein enkelt elev, eller data som tilhøyrer ein elev, der dette går fram av inngått samtykke, vedtekne reglement eller følgjer av lovgjeving elles.
- Eleven har rett til å få med seg private data som skulen ikkje lenger har høve til å ta vare på.
- Skulen vil sletta alle personopplysningar om elevane som den ikkje lenger har bruk for, men dette gjeld ikkje dersom skulen er lovpålagd å oppbevare opplysningane.

4. Elevane sine plikter

- Elevane pliktar å følgja skulen sine pålegg og instruksar om bruk av IKT-utstyr.
- Elevar på ungdomssteget pliktar å setja seg inn i den informasjonen som skulen gjev om reglar og vilkår for bruk av IKT-utstyr.
- IKT-utstyret som er plassert ved den enkelte skule, skal takast godt vare på.
- IKT-utstyr som blir brukt i skuletida, skal berre brukast til skulerelaterte oppgåver.
- I skuletida skal privat IKT-utstyr, som mobiltelefonar, berbare datamaskiner og liknande, berre brukast etter avtale med skulen.



- Chat, spel, bruk av privat e-post eller generell surfing skal berre skje etter avtale med skulen.
- Publisering av innhald på nett og kommunikasjon gjennom kommunen sitt IKT-utstyr skal på ingen måte innehalda tekst, bilete, lyd eller video som er av støytande art, eller som heng ut enkeltpersonar eller -grupper.
- Digital mobbing skal ikkje skje, korkje gjennom eige eller kommunen sitt IKT-utstyr.
- Brukarnamn og passord skal haldast hemmeleg og skal berre brukast av den aktuelle eleven.
- Elevar kan ikkje installera eiga programvare på kommunen sitt IKT-utstyr.
- Installasjon av programvare på PC-ane som gjer at uvedkomande får tilgang til kommunen sitt nettverk, skal ikkje skje.
- Eleven pliktar å gjera så godt han/ho kan for ikkje å bringa virus eller anna øydeleggjande programvare inn i kommunen sitt IKT-utstyr.
- Eleven pliktar å bruke godt nettveit når han/ho bruker kommunen sitt IKT-utstyr.
- Eleven pliktar å undersøkje og respektere opphavsretten til materiale som tekst, bilete, musikk, film eller lyd som blir lagt ut på heimesider, fellesområde og bloggar.
- Eleven må få samtykke frå medelevar/føresette for å leggja ut bilete, lyd og video av dei.
- Eleven pliktar å varsla skulen ved mistanke om at andre bryt reglementet.

5. Inngrep og sanksjonar

- Brot på IKT-reglementet kan føre til sanksjonar frå skulen/kommunen.
- Skulen har eit ansvar for å gripa inn overfor elevar som mobbar eller trakasserer lærarar eller andre elevar.
- Bruk av skulen sitt IKT-utstyr som strir mot norsk lov, kan bli meldt.
- PC-ar som blir brukt under eksamen, kan bli kontrollerte før og etter eksamen for å avdekke forsøk på juks.
- Elevar som mobbar, diskriminerer eller trakasserer andre ved bruk av kommunen sitt IKT-utstyr, kan bli utestengde frå all IKT-bruk i ein periode fastsett av skulen. Særleg alvorlege tilfelle kan bli melde.
- Elevar som valdar skade på kommunen sitt IKT-utstyr, kan bli haldne erstatningsansvarlege.
- All datatrafikk ved den enkelte skule kan bli logga.
- Brot på IKT-reglementet blir handtert som brot på andre reglar ved skulen.
- I tillegg kan IKT-ansvarlege gripe inn på alle vis som er nødvendig for å halde datasystemet i forsvarleg drift. Dersom dette inneber inngrep overfor ein brukar, skal denne brukaren ha melding snarast råd. Meldinga blir gitt av lærar eller administrasjon.

6. Nettverksfilter

- Skulane i Haram har installert ein mellomtenar med filter som stoppar tilgang til sider med innhald som kan virke støytande. Elevane pliktar likevel å bruke internett på ein måte som ikkje bryt med skulen sine reglar og mål. Elevar må ikkje gjere innstillingar som omgår dette filteret.

7. Ansvarsfråskrivning

- Kommunen er ikkje ansvarleg for tap av data eller skade på IKT-utstyr som skriv seg frå forhold utanfor kommunen sin kontroll.

8. Underskrift

Underskrift er å forstå som kvittering på at reglementet er lese og akseptert.

Stad og dato: _____

Elev:

Føresette (dersom eleven er under 14 år):